

# Detaljregulering for F24 ved Nysætervatnet

Plan-ID 15282017007

## Overordna VA-plan

### *Innleiing.*

Etter føresegner til kommunedelplan for areala kring Nysætervatnet, og lokal forskrift om utslepp frå separate avlaupsanlegg skal det for gjeldande planområde utarbeidast ein overordna vass- og avlaupsplan. Planen skal gi ein oversikt over eksisterande tilhøve, og sikre at eksisterande vass- og avlaupssystem ikkje vert bygde ned. Planen skal og vise planlagde nyanlegg, samt gi dokumentasjon vedkomande eksisterande vassforsyningsanlegg. Det er Sykkylven Energi AS som organiserer og drifter kommunal vassforsyning og kommunale avlaupssystem. Det er pr. i dag ikkje offentlege anlegg som forsyner Fjellsæterområdet.

### *Eksisterande tilhøve.*

#### Vassforsyning.

Det er ikkje felles vassforsyningsanlegg innanfor feltet, men nokre av dei eksisterande hyttene har brønn og innlagt vatn.

#### Avlaup

Eksisterande hytter med innlagt vatn har avlaup til tette tankar (Jets-system eller tilsvarende) eller godkjente reinseanlegg. Tømming vert organisert av ÅRIM for Sykkylven kommune innanfor rutiner som er i samsvar med lokal forskrift.

### *Planlagte anlegg.*

#### Vassforsyning.

Det er lagt opp til 6-7 nye grunnvassbrønnar som vil bli etablert innanfor hytteområdet. Nøyaktig plassering og kva antal det er behov for vil bli bestemt etter befaring og prøveboringar saman med leverandøren av grunnvassbrønnen. Det vil vere aktuelt å etablere tankar i samband med borhull/pumpehus for å sikre jamn forsyning, og for å auke kapasiteten for kvart borhull. Brønnane skal ikkje koplast til nye hytter før det er lagt fram dokumentasjon på at vasskvaliteten er tilfredsstillande.

#### Avlaup

Det er under arbeid planar om offentleg VA-anlegg for området kring Nysætervatnet. Planane er at anlegget skal sørge for at avlaup frå hytteområdet blir samla opp og reinsa/fjerna for å sikre at miljøet i området ikkje vert forureina. Når offentleg avlaupsanlegg er etablert vil det i medhald reglane i plan- og bygningsloven bli tilknytningsplikt for nye og eksisterande fritidsbustader.

Innanfor planområdet er det planlagt VA-system med stikkledningar til kvar tomt, både eksisterande og nye tomter. Avlaupsledningane for tomter som ligg sør for sætrevegen vil bli ført ned til vegen, medan tomter mellom vegen og vatnet vil få avlaup samla i nedre kant av feltet. Endeleg tilkoplingspunkt til offentleg samleledning vil bli bestemt når traseen for denne ledningen er fastlagd. Hovudledningar for spillvatn vil bli med dim. Ø160, og med Ø110 inn til kvar hytte.

Vass- og avlaupsledningar vil i størst mogeleg grad følgje felles trase. Dimensjon for vassledningar vil bli bestemt når ein ser kapasitet frå borhol, og antall hytter som kan forsynast frå kvar brønn.

Det skal etablerast felles reinseanlegg for reinsing av avlaup frå hyttene. Reinseanlegg skal stette krav til fullreinsing, og overlaup skal leiast til nærliggjande bekker/elver. For felles reinseanlegg må det kunne dokumenterast at reinseeffekten vert tilfredsstillande og ved periodar med lite bruk. VA-kartet viser aktuelle plasseringar for felles reinseanlegg.

Dokumentasjon for vald avlaupssystem med tilhøyrande datablad skal leggjast fram i samband med byggesak for kvar ny hytte.

Hytter som blir bygd utan innlagt vatn treng ikkje avlaupssystem.

### *Samandrag.*

Eksisterande og nye vassforsyningsanlegg (brønnar) blir etablert ved boring, og vil vere godt sikra mot utslepp/forureining i hytteområdet.

Valde avlaupssystem vil sikre at forureinande avlaupsvatn blir handtert på tilfredsstillande måte utan forureining av området, og etablering av nye samleledningar sikrar at ein enkelt og utan større terrengingrep kan kople seg til det offentlege anlegget når det er etablert.

Ålesund, 27/08-2019.

Asplan Viak AS v/ Håkon Kvile